



Arkivsaknr.:  
2016000570-4

Arkiv  
K1 - 151

Sakshandsamar  
Reidar Johnsen, 57 63 29 40

Dato  
17.10.2016

## **Statsbudsjettet 2017 - verknader for Aurland kommune**

### **Kommentarar til framlegget til statsbudsjettet for 2017**

#### **Frie inntekter**

Frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot. Ut frå framlegget får Aurland kommune ein auke i desse inntektene på 1,5 % som tilsvarer ca 1,7 millionar kroner. Snittet for Sogn og Fjordane fylke er 2,1 % auke. Dersom Aurland hadde fått 2,1 % auke ville det medført ca 700.000 meir i frie inntekter.

Det ligg inne ein del punkt i rammetilskotet som ikkje er direkte øyemerka, men som inngår i utrekninga av tilskotet mellom anna:

- Styrking av tidleginnsats i grunnskule
- Kompetanse og vidareutdanning for lærarar
- Rusomsorg
- Styrking av habilitering og rehabilitering innan pleie og omsorg
- Dagaktivitetstilbod for personar med demens
- Investeringsstilskot til heildøgns omsorgsplassar
- Satsing på skulehelsetenester og helsestasjonar
- Integrering av flyktingar
- Frivillegsentral
- Aktivitetsplikt for sosialhjelpmottakarar under 30 år

#### **Ressurskrevjande tenester**

Innslagspunktet vert auka med kr 50.000 pr brukar. Aurland hadde i 2015 11 brukarar som betyr kr 550.000 i auka eigenandel.

#### **Inntektssystemet**

Det er føreslege ein del endringar. Større del av inntekta kjem per innbyggjar, mindre per kommune. På grunn av store avstandar til regionsenter vil Aurland kome ut litt i pluss samanlikna med tidlegare.

#### **Eigedomsskatt**

Aurland kommune har eigedomsskatt på verk og bruk. I 2016 var samla eigedomsskatt for kommunen 55 millionar kroner, av dette var 52 millionar på kraftverk. Grunnlaga for 2017 er akkurat komne og viser ein kraftig nedgang i verdien på kraftverka. Dette vil medføre reduserte inntekter på rundt 12 millionar kroner. Verdien på kraftverk kjem frå Sentralskattekontoret og det er 3 hovudkriterie til fastsetjinga av verdien:

- Straumprisen siste 5 år. Det er snittet på prisane frå 2011 til og med 2015 som ligg inne i takseringa for eigedomsskatt i 2017. I 2010 som går ut var prisen 42 øre/kwh medan i 2015 som kjem inn var prisen ca 18 øre/kwh.
- Grunnrenteskatten. Denne ligg inne i framlegget til statsbudsjettet med ein auke frå 33 % til 34,3 %. Ein auke i grunnrenteskatten medfører redusert eigedomsskattegrunnlag.
- Damrehabilitering. Bokføring av vedlikehald på dammane kan medføre redusert verdi.

Det blir jobba med å finne ut kor mykje dei ulike punkta betyr for Aurland kommune, men ein reduksjon på 12 millionar i frie inntekter vil måtte medføre store konsekvensar. Det ligg inne ein nedgang på eigedomsskatten på 1 million i framlegget til økonomiplan for 2017.

Reidar Johnsen  
økonomisjef